



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Forvaltningsplan for Kvitingsmorki naturreservat i Årdal kommune




ISBN 978-82-92777-35-0
ISSN 0803-1886



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for oppgåver knytt til helse- og sosialområdet, kommunal forvaltning, samfunnstryggleik, miljøvern, barn og familie, landbruk, utdanning og barnehage. Vi er om lag 120 tilsette, og er organisert slik:



HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger
Telefon 57 64 30 00 – Telefaks 57 65 33 02
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:

Hafstadgården, Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 64 30 00 – Telefaks 57 82 17 77
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: fmsfpost@fylkesmannen.no Internett: <http://www.fmsf.no> <http://sognogfjordane.miljostatus.no>

Framsidefoto: Frå Kvitingsmorki naturreservat. Foto: Steinar Lund

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Rapport nr. 10-2012
Forfattar Steinar Lund og Tom Dybwad	Dato 20. desember 2012
Prosjektansvarleg Nils Erling Yndesdal	Sidetal 40 + vedlegg
Tittel Forvaltningsplan for Kvitingsmorki naturreservat i Årdal kommune	ISBN 978-82-92777-35-0 ISSN 0803-1886
Geografisk område Sogn og Fjordane	Fagområde Naturvern
<p>Kvitingsmorki naturreservat i Årdal kommune vart oppretta 17.12.1999 som ein del av verneplan for barskog i Vest-Noreg. Formålet med vernet er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Ein særskild kvalitet er at området utgjer eit stort, samanhengande skogområde med eit stort mangfald av vegetasjonstypar, og med ein skoggradient frå fjord til fjell.</p> <p>Kvitingsmorki naturreservat strekkjer seg frå Fv53 ved Årdalsfjorden opp til fjelltoppane over 1100 moh. Naturreservatet omfattar dalføret som omkransar Sagaelvi, og dekkjer store delar av nedslagsfeltet til vassdraget. Furuskogen i Kvitingsmorki naturreservat representerer den typiske barskogmosaikken for indre fjordstrok. Dei øvste delane har urskogpreg, medan dei nedste delane i større grad er prega av hogst fram til 1950-åra. Furuskogen er representert med ein samanhengande gradient frå fjorden til 870 m.o.h. Ein finn enkeltståande tre opp til 1000 moh. i naturreservatet, og dette kan vere den høgastliggjande furuskogen på Vestlandet. I naturreservatet er det også mange kulturminne.</p> <p>Formålet med forvaltningsplanen er å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vere eit hjelpemiddel til å realisere formålet med naturreservatet. Planen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om verneverdiane i naturreservatet • Klargjere kva spelerom grunneigarar og andre brukarar har i det freda området • Gje grunneigarane og ålmenta innsyn i kva siktemål og strategi forvaltningsstyremakta har for naturreservatet • Definere bevaringsmål for naturreservatet <p>Bevaringsmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arealet av gammal barskog skal ikkje reduserast gjennom menneskelege inngrep. Også ved naturlege prosessar (brann, stormfelling etc.) er det eit mål at arealet ikkje skal falle til under halvparten av det som var på vernetidspunktet • Arealet av stølsvollen (stølen Kvitingsmorki) som er grasdekt (indre stølsvoll) skal vere minst 5 daa. Rundt det grasdekte arealet skal ikkje skog få etablere seg i sona (ytre stølsvoll) som vist i vedlegg 2. • Hjorteviltbeite skal ikkje vesentleg påverke treslagsfordelinga ut over det som er naturleg • Framande organismar skal ikkje førekome i naturreservatet. • Menneskeleg aktivitet skal ikkje føre til vesentlege endringar i den naturlege barskogfaunaen <p>Aktuelle skjøtselstiltak/påfølgande undersøkingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføre basiskartlegging av naturverdiar • Undersøke naturbeitemarka ved Kvitingsmorki og slåttemarka ved husmannsplassen ved Sagi • Registrere framande organismar, og sette i gang tiltak viss det er naudsynt • Undersøke kva hakkespettar som finst i naturreservatet • Registrering av kulturminne • Tiltak for utbetre hovudstien frå Sagi til Kvitingsmorki og andre naudsynte stiltiltak • Vurdere tiltak på/ved parkeringsplassen ved Sagi, inkludert utviding 	
Emneord naturvern, barskog, forvaltningsplan, biologisk mangfald	Ansvarleg Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Innhald

Føreord	6
1. Innleiing	7
1.1. Bakgrunn.....	7
1.2. Vern som naturreservat.....	7
1.3. Mål for forvaltningsplanen	8
2. Områdeskildring.....	10
2.1. Lokalisering.....	10
2.2. Naturtilhøve og verneverdiar	10
2.3. Kulturminne.....	14
2.4. Bygningar og andre inngrep	14
3. Bevaringsmål	18
3.1. Naturkvalitetar som grunnlag for bevaringsmål.....	18
3.2. Bevaringsmål	20
4. Brukarinteresser	22
4.1. Landbruk.....	22
4.2. Friluftsliv.....	25
4.3. Jakt og fiske	27
4.4. Kulturhistoriske verdiar	28
4.5. Bygningsmiljøet på stølen Morki.....	30
4.6. Kraftanlegg.....	31
4.7. Motorferdsel	32
5. Forvaltning	34
5.1. Praktisering av dispensasjonsheimlane i verneforskrifta.....	34
5.2. Sakshandsaming ved dispensasjonssøknadar	35
5.3. Grense ved vegen og grensemerking.....	36
5.4. Statens naturoppsyn	37
6. Oppfølging og tiltak	38
6.1. Oppfølging av bevaringsmål.....	38
6.2. Skjøtsel og andre forvaltningsoppgåver.....	38
7. Referansar	40

Vedlegg

1. Oversiktskart over Kvitingsmorki naturreservat med stølsvoll og hogstsone
2. Detaljkart frå stølen Kvitingsmorki (flyfoto)
3. Kart med oversikt over stiar i Kvitingsmorki naturreservat
4. Kart med oversikt over jaktpostar i Kvitingsmorki naturreservat
5. Kart med eigedomsgrense for vegen Fv53
6. Verneforskrift
7. Kart ved kgl. res. for Kvitingsmorki naturreservat
8. Naturmangfaldlova § 48

Føreord

Kvitingsmorki naturreservat vart oppretta 17.12.1999 som ein del av verneplan for barskog i Vest-Noreg. Dette er den første forvaltningsplanen for området. Arbeidet med forvaltningsplanen vart sett i gang etter ønske frå grunneigar. Det er få kjende utfordingar knytte til verneverdiane i Kvitingmorki naturreservat, men dei ulike brukarinteressene i området gjer at ei avklaring av forvaltningspraksis gjennom ein forvaltningsplan kan vere nyttig. Blant anna er det eit problem at stølsvollen på stølen Kvitingmorki er i ferd med å vekse til. Å rydde skog er i utgangspunktet ikkje i samsvar med verneforma barskogreservat. Gjennom forvaltningsplanen vil ein forsøke å kome fram til løysingar som er gode for brukarane, samtidig som det ikkje er til skade for verneverdiane.

Høringsutkastet vart sendt til grunneigarar, bruksrettshavarar, aktuelle offentlege etatar og fleire lokale og regionale lag og organisasjonar. Høringsdokumenta vil gjerast tilgjengeleg på Fylkesmannen sine heimesider.

Det kom inn fire fråsegner under høriringa, dvs, frå Østfold Energi, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Natvik gard (Per Bjørkum og Siri Benjaminsen) og Årdal kommune. Fleire bruksrettshavarar kom med innspel ved oppstart av planarbeidet.

Forvaltningsplanen er endra etter høriringa, og vi har prøvd å ta inn og ta omsyn til innkomne merknader. M.a. har kulturminne og bygningsmiljø fått større merksemd, motorferdsel er noko endra, og det er lagt til fleire bilete.

Fylkesmannen godkjenner med dette forvaltningsplanen.

Vedtekne forvaltningsplanar er å finne på Miljøstatus for Sogn og Fjordane (<http://sognogfjordane.miljostatus.no>), under "Rapportar", som er ei lenke under "Kart og geodata" på hovudmenyen.

Takk til Siri Benjaminsen, Per Bjørkum og Østfold Energi for gode innspel i arbeidet med forvaltningsplanen.

Leikanger, desember 2012

Nils Erling Yndesdal (sign.)

fylkesmiljøvernsjef

1. Innleiing

1.1.Bakgrunn

Kvitingsmorki naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon den 17. desember 1999. Verneområdet ligg i Årdal kommune i Sogn og Fjordane fylke og utgjer eit areal på 17 300 dekar. Namnet er henta frå stølen Kvitingmorki som ligg sentralt i verneområdet.

Bakgrunnen for vernet av Kvitingmorki ligg i verneplan for barskog i Vest-Noreg. Arbeidet med ein verneplan for barskog starta med eit forprosjekt i 1984. I 1987 vart det sett ned eit utval av Miljøverndepartementet representert ved Direktoratet for naturforvaltning, Landbruksdepartementet, Fylkesskogetaten, Miljøverndepartementet og fylkesmennene sine miljøvernnavdelingar. Utvalet hadde som oppgåve å vurdere vernekriterium, økonomiske konsekvensar og omfanget av verneplanen.

I Verneplan for barskog Regionrapport for Vest-Norge (Moe et al. 1992) er Kvitingmorki vurdert blant 91 prioriterte barskoglokalitetar med omsyn til typeområde, supplementsområde og spesialområde. I *Inventering av verneverdig barskog i Sogn og Fjordane* (Moe 1994) er det gjort ei prioritering av lokalitetane. Kvitingmorki vart vurdert som godt eigna som typeområde og som svært verneverdig.

Verneplan for barskog i Vest-Norge vart vedteken 17.12.1999, med 30 område i dei fire vestlandsfylka. Av desse ligg 6 område i Sogn og Fjordane.

1.2.Vern som naturreservat

Sjølv om Kvitingmorki naturreservat vart oppretta i medhald av naturvernlova av 1970, er det naturmangfaldlova av juli 2009 som no gjeld i spørsmål kring naturreservatet.

Naturmangfaldlova har ei generell omtale av naturreservat i § 37:

"Som naturreservat kan vernes områder som:

- a) Inneholder truet, sjeldan eller sårbar natur,
- b) Representerer en bestemt type natur,
- c) På annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) Utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
- e) Har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta seg noe som forringar verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservatet der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomiske godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel."

Formålet med vernet av Kvitingmorki naturreservat er omtalt i § 3 i verneforskrifta:

"Formålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at området utgjer eit stort, samanhengande skogområde med eit stort mangfold av vegetasjonstypar, og med ein skoggradient frå fjord til fjell."

1.3.Mål for forvaltningsplanen

Ein forvaltningsplan skal vere eit praktisk hjelpemiddel til å oppretthalde og fremje formålet med vernet. Forvaltningsplanen skal sikre ein heilskapleg forvaltning av verneområdet ved å gi konkrete retningslinjer som konkretiserer verneforskrifta.

Ein forvaltningsplan skal:

- Presisere og utdjupe verneformålet i verneforskrifta og enkeltavgjerd
- Dokumentere tilstand for natur, kulturminne, kulturmiljø og brukarinteresser
- Definere forvaltningsmål og bevaringsmål for naturkvalitetar og brukarinteresser
- Definere naudsynte og/eller ønska tiltak
- Gje ei oversikt over oppgåver med ansvarsfordeling og mynde
- Gje retningsline for dispensasjonspraksis og bruk av verneområdet
- Gje rutinar for handsaming av saker etter verneforskrifta

Hovudformålet med forvaltningsplanen er å gje ei oversikt over tilstand og utfordringar i Kvitingmorki naturreservat, klargjere nærmare kva spelrom grunneigarar og andre brukarar har i det verna området, og å konkretisere naudsynte tiltak for å ivareta verneverdiane.

Forvaltningsplanen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om verneområdet.

Forvaltningsplanen skal vere ei rettesnor for forvaltingsstyresmaktene si tolking av verneforskrifta, både når det gjeld dispensasjonspraksis og ulike praktiske tiltak som forvaltingsstyresmakta vil setje i verk eller støtte. Planen skal også gje allmenta innsyn i kva siktemål og strategi forvaltingsstyresmakta har for naturreservatet. Med det vil dei betre kunne planleggje eigne aktivitetar, og betre bidra til å fremje verneformålet sjølve. Dei vil også ha eit betre utgangspunkt for initiativ overfor forvaltingsstyresmakta, og eit grunnlag for kvalitetskontroll av forvaltinga.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyremakt for Kvitingmorki naturreservat og står for planlegging (forvaltnings- og skjøtselsplanar) og handsaming av saker etter verneforskrifta. Verneforskrifta er juridisk bindande, medan forvaltningsplanen er retningsgivande for Fylkesmannen si praktisering av forskrifa og gjennomføring av praktiske tiltak i naturreservatet. Forvaltningsstyresmakta er ansvarleg for skjøtsel. Statens naturopsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i naturreservata, og tek i samråd med Fylkesmannen også på seg skjøtselsarbeid i verneområda så langt kapasiteten tillèt.

Revisjon av forvaltningsplanen bør skje når tilhøva i reservatet krev det, med grunnlag i erfaringar og vurderingar av konsekvensar av forvaltnings- og skjøtselstiltak i reservatet. Som generell rettesnor er det tilrådd at forvaltningsplanar vert reviderte minst kvart 10. år, men dette er avhengig av behovet

Det kan bli behov for å revidere bevaringsmål og tiltaksplan med kortare mellomrom enn 10 år. Bruken av bevaringsmål er nytt i forvaltninga, og det kan difor bli naudsynt å justere bevaringsmål etter kvart som kunnskapen om naturverdiane i området aukar. Forvaltningsstyresmakta tek difor atterhald om at bevaringsmål og tiltaksplan kan bli revidert ved behov.

Definisjonar (frå Forvalningshandboka, kap. 5 (DN handbok 17-2001))

Naturkvalitet

Naturkvalitet er naturtyper, arter, geologi og landskap som skal bevares i et verneområde. Ett verneområde kan ha en eller flere naturkvaliteter som det er viktig å ta vare på.

Naturkvalitetene framgår gjerne direkte av det overordnede verneformålet. I tillegg kan det være nødvendig å definere naturkvaliteter ut over verneformålet. Dette vil være aktuelt i verneområder der verneformålene er for generelle og for vague med tanke på naturkvalitetene. Ny kunnskap om f.eks. biologisk mangfold kan også ha kommet til etter at vernet ble etablert og verneformålet formulert.


Bevaringsmål

Bevaringsmål definerer den tilstanden en ønsker en naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmål skal være målbare. Det vil si at de skal presiseres gjennom mål for areal, nødvendige strukturer/prosesser og/eller forekomst av bestemte arter osv, jf. kap. 5.7.4

2. Områdeskildring

2.1.Lokalisering

Kvitingsmorki naturreservat ligg i Årdal kommune i Sogn og Fjordane fylke (Figur 1). Verneområdet strekkjer seg fra riksvegen nede ved Årdalsfjorden opp til fjelltoppane over 1100 moh. Naturreservatet omfattar dalføret som omkransar Sagaelvi, og dekker store delar av nedslagsfeltet til vassdraget.



Figur 1: Oversiktskart over Kvitingsmorki naturreservat i Årdal kommune.

2.2.Naturtilhøve og verneverdiar

I arbeidet med verneplan for barskog i Vest-Noreg vart Kvitingsmorki naturreservat vurdert til å vere eit typeområde og svært verneverdig/ nasjonalt verneverdig (Moe et al. 1992). Typeområde er store område som representerer den typiske barskogmosaikken i ein bestemt naturgeografisk region. Kvitingsmorki naturreservat utgjer eit stort furuskogområde i indre fjordstrok, med mange ulike furuskogtypar representerte. Området utgjer eit avgrensa nedbørfelt frå fjord til fjell der skogen i dei øvste delane har urskogpreg.

Skogstruktur

Furuskogen er representert med ein samanhengande gradient frå fjorden til 870 moh. i Langedalen. Ein finn enkeltståande tre opp til ca. 1000 moh. nordaust for stølsområdet. Dette kan vere den høgastliggjande furuskogen på Vestlandet (Skogen et al. 1985).

Det er mykje som tyder på at det har vore særskilt kraftig hogst i den nedste delen av verneområdet. I arbeidet med verneplanen for barskog i Sogn og Fjordane vart det gjort

aldersmålingar som tydde på kraftig hogst fram til midten av 1800-talet. Den dominerande hovudgenerasjonen opp til 600 m o.h. var på rundt 130 år (Moe 1992). Frå 800 til 1000 moh. har det vore mindre hogst, og skogen her er eldre enn lenger nede. Det eldste treet som vart målt, var 455 år gammalt. Øvst i skogen der det i dag veks småskog, kan ein finne restar (stammer) av gamle, store furutre i bakken, noko som syner at furuskogen må ha gått høgare før. Desse trea bør C14-daterast.



Restar av ei gammal furu, i ferd med å bli overgrodd, ca. 900 moh. Foto: Tom Dybwad

Ospeholene er eit interessant felt med gammal naturleg ospeskog om lag 480 moh. Området bør undersøkjast spesielt både for flora og fauna.




Ospeholene. Foto: Tom Dybwad

Tidlegare stølsdrift på Kvitingsmorki har pressa skoggrensa ned til ca. 700 moh. Særleg i dei nordvende liene frå Langedøla og aust til Sagelva mellom 600 og 800 moh. er furuskogen sterkt oppblanda med bjørk. Dette kjem truleg av at bjørka har regenerert betre enn furu etter at hogsten vart avslutta og det vart mindre beitedyr i området (Moe 1994). Stormen «Dagmar» jula 2011 bles over ende ei stor mengde furutre særleg i dei midtre høgdelaga av naturreservatet.



Figur 2. Parti frå furuskogen i nedre delar av Kvitingmorki naturreservat. Foto: Steinar Lund



Figur 3. Parti frå furuskogen i høgareliggende del av Kvitingmorki naturreservat. Foto: Tom Dybwad



Skog i dei øvste delane av naturreservatet. Foto: Tom Dybwad

Vegetasjonstypar

Det er ikkje registrert særskilt rike vegetasjonstypar i verneområdet. Undersøkinga gjort av to hovudfagsstudentar på Norges Landbruksuniversitet (NLH) i 1987 viste at størstedelen av området bestod av tyttebærskog, røsslyng-blokkebærskog og blåbærskog (Abrahamsen og Sæltun 1988) (inndelinga i vegetasjonstypar følgjer “Enheter for vegetasjonskartlegging i Norge” (Fremstad og Elven 1987)).

Stølsvollen på Kvitingsmorki og husmannsplassen ved Sagi er prega av landbruksdrift langt tilbake i tid. Det er ikkje gjort undersøkingar av eventuelle biologiske verdiar på desse lokalitetane, men det er vurdert at det er eit potensiale for artsrike samfunn av beitemarksopp på Kvitingsmorki, og slåttemarksflora og -fauna i slåttemarka på husmannsplassen ved Sagi.



Figur 4. Delar av stølsvollen på Kvitingsmorki. Lyng dominerer i utkantane, medan det framleis er grasdominans i eit område sentralt på stølsvollen. Foto Steinar Lund

Historisk bruk

Skogen i Kvitingsmorki har truleg vore nytta langt tilbake i tid. Kjelder siterte i Abrahamsen og Sæltun (1988) fortel om intensiv hogst for levering av ved til koparverk i Årdal på 1700-talet. Tjørebrenning var også vanleg, særskilt på 1800-talet. I Kvitingsmorki kan det ha vore så mange som 50 tjørehjellar. Ved Kvitingssagi var det ei eiga bryggje for lasting av tjøre. Til tjørebrenning nytta ein fyrst og fremst stubbane etter tidlegare host, men også gadd og rotstokken av levande furu vart nytta. Tjørebrenninga vara fram til kring år 1900.

Tømmerhogst er den aktiviteten som truleg har verka sterkest inn på skogbiletet vi ser i dag. Kvitingssagi er nemnd første gong i 1666. Fleire kjelder framover i tid vitnar om stor aktivitet i periodar fram til 1950-talet. Det vart bygd skogshytter til arbeidarane i Sagadalen og på Hyttehaugane i Morki. "Stova" på Morki frå 1895 står der framleis. I 1956 vart det bygd taubane frå Ospeholene (på grensa til naturreservatet) og ned til sjøen (utanfor naturreservatet). Denne vart nytta til å ta ut tømmer året etter, men seinare har det ikkje vore drive hogst i Kvitingsmorki.

På Kvitingsmorki har det stått skogskoier for Natvik gard, og Kvitingsmorki har vore støl for tidlegare husmannsplassar under garden Natvik, deriblant Sagi og Bermål. I nyare tid har det vore 5-6 stølshus på Kvitingsmorki, i tillegg vart eit sel bygd i 2010 (etter søknad og løyve). Beiting, hogst av tømmer til byggjemateriale og vedhogst har senka skoggrensa i området kring stølsvollen. Furu har truleg vorte lite nytta til ved, då furu sotar meir enn bjørkeved og difor vart lite nytta til ysting. Stølsdrifta heldt fram til siste verdskrigen (1940). Stølsvollen er i ferd med å gro att.

Omfattande bruk og ferdsel gjør at det er eit nett av stiar i naturreservatet. Ikke alle stiane er like mykje brukte i dag. Stien frå P-plassen ved Sagi (FV 53) opp til Morki er den klart mest brukte stien i dag.

2.3.Kulturminne

Omfattande bruk gjennom historia tilseier at det er ei stor mengde kulturminne i naturreservatet utanom stølen Morki. I naturreservatet er det steinmurar/grunnmurar/tuftar etter stølshus, fjøs og utløer, spor etter gamle tømmerrenner og tjøremiler, og på dei viktigaste stiane er det steinmurar i nedkant for å gjøre stien god å gå. Tidlegare hogst fleire hundre år tilbake gjør at det er ei rekke eldre kulturminne og spor etter tidlegare skogsdrift. Ei kulturminneregistrering vil truleg avdekkje ei rekke kulturminne som ikkje er kjende i dag.

2.4.Bygningar og andre inngrep

På stølen Morki står det i dag. 7 stølshus som delvis fungerer som hytte. Det er 2 toalett (gamaldass); det eine står ope. På ein fjøs på stølsvollen er taket rast saman, medan mykje av tømmeret truleg kan brukast ved restaurering. Dette er den siste fjøsen på stølsvollen. Bygningsmiljøet på stølen gjev i hovudsak inntrykk av at dette er ein støl der den tradisjonelle byggeskikken er halde i hevd.

I tillegg står ei nyare hytte om lag 800 meter nordaust for stølsvollen, i Botnen.

Det er ein delvis tilrettelagd bålpllass på stølen Morki.

Ved Tågi, om lag halvvegs på hovudstien frå P-plass til Morki står ei gammal stove til nedfalls. Denne vart tidlegare brukt som tømmerkoie under hogst i området.



Stova ved Tågi fotografert juni 2012. Foto: Tom Dybwad

Taubana fra Ospeholene bygd i 1956 hadde sitt øvste punkt ca. 500 moh nett innanfor verneområdet, medan ned til fjorden er utanfor. I dag står berre restane att etter taubana.

Ved Viervatnet, som er eit vatn som vert nytta til vasskraftproduksjon, har Østfold Energi eit pumpehus der det også er innretta for overnatting. Her står også ein om lag 6 m høg mast. Traseen for pumpeleidninga (ser ut som ein grusveg som er tilbakeførd til naturen) kjem frå Storevatnet, går frå grensa i aust fram til pumpehuset. Denne har ei lengde på om lag 800 meter inne i naturreservatet. Bruken av Viervatnet til vasskraftproduksjon gjer at det ikkje er naturleg avrenning i elvefaret frå Viervatnet (øvste del av Sagaelvi).



Elvejuvet under Viervatnet, utan vatn. Foto: Tom Dybwad




Demninga i Viervatnet med pumpestasjon og mast i bakgrunnen. Foto: Tom Dybwad



Pumpeleidningstraseen med svak sti. Pumpehuset i bakgrunnen, Foto: Tom Dybwad

Ved Fv 53 følgjer grensa for naturreservatet oversida av denne. Statens vegvesen eig noko av grunnen ovafor vegen innanfor naturreservatet. Vegen er eit anlegg som var bygd då Kvitingsmorki naturreservatet blei oppretta i 1999, og naudsynt vedlikehald i tilknyting til Fv53 (t.d. steinreinsking, rydding av vegetasjon og vedlikehald av steinmurar) er tillate (jf verneforskrifta pkt V, 6). Nye tiltak/inngrep og større utbetringsarbeid i tilknyting til Fv53 må søkjast om etter verneforskrifta.

Parkeringsplassen ved Fv 53 ved Sagi har ei naturleg avgrensing slik han ligg i dag, med plass til 6-7 bilar. Mesteparten av P-plassen ligg innanfor naturreservatet, og det er ingen andre stader som peikar seg ut for parkering. Sjølv om motorferdsel er forbode etter verneforskrifta, ser Fylkesmannen det som det einaste tenlege at parkering på denne etablerte P-plassen er å rekne som lovleg. Det er ein informasjonsplakat om Kvitingsmorki naturreservat her, og det står også eit bosspenn her.



P-plass med infotavle og bosspenn. Foto: Tom Dybwad

3. Bevaringsmål

Bevaringsmål er av Direktoratet for naturforvaltning definert på følgjande måte (Direktoratet for naturforvaltning 2008):

Bevaringsmål

Bevaringsmål definerer den tilstanden en ønsker en naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmål skal være målbare. Det vil si at det skal presiseres gjennom mål for areal, nødvendige strukturer/prosesser og/eller forekomst av bestemte arter osv.

Bevaringsmåla i verneområdet skal kunne brukast som indikatorar for vellukka forvaltning av verneverdiiane. Det er avgjerande at bevaringsmåla blir fylgde opp med registreringar som fastset tilstandsklasse, dvs. kor godt måla er oppfylte. Bevaringsmåla for Kvitingsmorki naturreservat er viste i Tabell 1.

3.1. Naturkvalitetar som grunnlag for bevaringsmål

Gammal barskog

Gammal barskog er skog som er dominert av gamle, stadeigne bartre. Naturtypen er definert ut frå fråvere av menneskeleg påverknad i nyare tid, slik at skogen er prega av naturleg dynamikk og suksjon, og dei karakteristika som følgjer av dette. Innslaget av lauvtre i gammal barskog kan vere betydelig, sjølv om bartre dominerer. I definisjonen av gammal barskog inngår og yngre suksesjonsstadium som er framkome som eit resultat av naturleg forstyring.

Ein god del av furuskogen i Kvitingsmorki, særleg i nedre delar, er relativt ung som følgje av tidlegare, kraftige hogstar. I streng forstand fell difor desse bestandane utanfor den definisjonen DN bruker som grunnlag for bevaringsmål for gammal barskog. Ein kunne då ha eit eige bevaringsmål for slik "regenerasjonsskog", t.d. at han gjennom fråvær av nye inngrep skal utvikle seg naturleg til gammalskog. Forvaltinga vil i alle høve ha same overordna siktemål både for gamle og yngre bestand, nemleg å late den naturlege utviklinga gå sin gang, slik at heile naturreservatet etter kvart får ein skog som er styrt av naturlege prosessar. For å ikkje komplisere unødig, vil Fylkesmannen difor bruke same bevaringsmål for all skog i Kvitingsmorki naturreservat.

Naturbeitemark

Naturbeitemark er ikkje tresett, u gjødsla eller lite gjødsla, lite eller ikkje jordarbeidd beitemark som har langvarig hevd. Naturtypen har vore vanleg i heile landet. Beitemarkene er dominerte av gras og urter. Dei kan vere svært artsrike, og mange planter, sopp og insekt er typiske for artsrike beitemarker.

Stølsvollen på Kvitingsmorki kan syne seg å kvalifisere som naturtypen naturbeitemark, dvs. ope areal prega av langvarig beiting, men som ikkje har vore gjødsla. Dette vil i så fall venteleg gje seg utslag i påvising av artar særmerkte for naturbeitemark. Det er spesielt såkalla "beitemarksopp", dvs. grasmark-sopp som ikkje toler gjødsling og ikkje toler tevling frå mykorrhiza som ein har kring tre. Så lenge dette ikkje er undersøkt, vil Fylkesmannen ut frå føre-var-prinsippet handsame stølsvollen som ein potensielt verdifull naturbeitemark, og

som bør oppretthaldast som beitemark med tradisjonell bruksform og -intensitet. På delar av stølsvollen har det i følgje grunneigarane vore slåttemark som har vore noko gjødsla.

Villrein

Villrein er ikkje knytt til dei ovannemnde naturtypane, men er ein dyreart som Noreg har eit internasjonalt ansvar for. Betydelege delar av øvre delar av Kvitingsmorki naturreservat ligg i Lærdal-Årdal villreinområde. Gjennom mange år har villreinen i Noreg fått det naturlege leveområdet og det naturlege vandringsmønsteret oppstykka og redusert som følgje av vegar og kraftliner og aukande hyttebygging m.m. i fjellnære område. På nasjonalt nivå er det difor eit mål å stoppe den negative utviklinga, og i staden fjerne vandringshinder og gje villreinen høve til å ta tidlegare leveområde i bruk på ny. I kva grad dette faktisk vil skje, avheng av mange faktorarar, på ein arealskala som er langt større enn Kvitingsmorki naturreservat, ikkje minst i fjellområda som grensar til naturreservatet..

Då villreinen truleg er det faunaelementet i naturreservatet som er mest sårbart for menneskeleg uroing, er bevaringsmål knytte til denne arten ein viktig indikator på graden av menneskeleg uroing i området, og såleis ei god konkretisering av verneformålet om å ta vare på det naturlege dyrelivet.

Villreinen i Lærdal-Årdal villreinområde stammar frå utsetjingar i 1995 og 1996, då det vart flytta til saman 33 rein frå Nordfjella villreinområde. Utsettinga blei gjort fordi dette er eit historisk villreinområde. Området er avgrensa av Sognefjorden i vest, Årdal i nord, Lærdalen i sør og Smeddal i aust. Den delen av området som ligg innanfor Kvitingsmorki naturreservat, er registrert som både beite- og kalvingsområde. Under siste teljing av stamma i 2012 vart det funne om lag 270 dyr.

Sidan kulturminne ikkje er formulert som ein del av verneformålet, vert det ikkje utarbeidd eigne bevaringsmål for dette. Det særegne ved kulturminne i naturvernområde er at det her ligg særleg godt til rette for å ta vare på kulturminna i deira opphavlege miljø, utan forstyrrende inngrep frå nyare tid. Det vil såleis vere eit mål å ta vare på viktige kulturminne som kulturminnestyresmaktene peikar på innafor rammene av verneforskrifta.



Å ta vare på gammal barskog er kanskje det viktigaste bevaringsmålet i Kvitingsmorki. Foto: Tom Dybwad

3.2.Bevaringsmål

Tabell 1. Bevaringsmål for Kvítingsmorki naturreservat.

Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Metode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Areal gammalskog	Arealet av gammal barskog skal ikke reduserast gjennom menneskelege inngrep. Heller ikke ved naturlege prosesser (brann, stormfelling etc.) skal arealet falle under halvparten av det som var på vernetidspunktet	Flybilete	<u>God</u> – Målet er oppfylt <u>Dårleg</u> – Målet er ikke oppfylt <u>Usikker</u> – Arealendring er ukjend	Sløkking av brann som skuldast menneske. Sløkking av naturleg oppstått brann som trugar med å halvere arealet av gammal barskog.
Areal stølsvoll	Arealet av stølsvollen som er grasdekt (indre stølsvoll) skal vere minst 5 daa, som vist i vedlegg 2. Rundt det grasdekte arealet skal ikke skog få etablere seg i sona (ytre stølsvoll) som vist i vedlegg 2.	Flybiletetolking. Oppmåling i felt.	<u>God</u> – Areal = 5 daa. <u>Middels</u> – inntil 1/16-del redusert areal. <u>Dårleg</u> – > 1/16-del redusert areal.	Auka beitetrykk og/eller rydding av lyng, einer og tre.
Skader av hjortevilt	Hjorteviltbeite skal ikke i påviseleg grad hindre rekruttering av sjeldsynte eller biologisk viktige treslag i skogen.	Registrering ved synfaring i området, t.d. ved utveljing av eit visst tal ROS ¹ . – førekomstar/lokaltetar, både vaksne tre og ungplanter	<u>God</u> – Treslagsfordelinga ikke påverka, ROS ¹ under 40 % beitegrad, furu under 30 %. Gamle grove tre er ikke skadeleg påverka av beitegnag. <u>Dårleg</u> – Beite/barknag truar overlevinga av grove tre og/eller treslagsfordelinga er markert påverka. Beitegrad over 30/40 %. <u>Usikker</u> – Usikkert om treslagsfordelinga er påverka. ¹ ROS= rogn, osp og selje	Auke jaktuttaket av hjortevilt, i samarbeid med grunneigarane. I heilt spesielle tilfelle vurdere inngjerding av sårbare bestand.
Førekomst av framande organismar	Ingen førekomst av framande organismar, dvs. artar og proveniensar som ikke førekjem naturleg i regionen.	Registrering ved synfaring i området.	<u>God</u> – Utan innslag av framande artar. <u>Middels</u> – Svakt innslag av framande artar, men ikke > 1 % av arealet, eller > 5 % av eit skogbestand. <u>Usikker</u> – Innslag av framande artar ukjent.	Fjerne framande artar. Framgangsmåte må vurderast i forhold til kva art som skal fjernast.

Førekomst av naturleg barskogfauna	Menneskeleg aktivitet skal ikkje føre til vesentlege endringar i den naturlege barskogfaunaen	Registrering av typiske, relevante og registrerbare artar/artsgrupper, som storfugl, hakkespettar, holerugande småfugl i osp, ved synfaring i området.	<u>God</u> – Storfugl skal (trass bestandssvingningar) ha fast (årleg) førekomst i området. Påviste artar av hakkespettar syner ikkje teikn til å forsvinne. <u>Dårlag</u> – Fråvær av observasjonar/spor av storfugl i tre år på rad. Ein eller fleire av påviste hakkespettar syner signifikan nedgang i bestand eller observasjonsfrekvens. Holerugarar i ospetre manglar eller har vorte påviseleg redusert. <u>Usikker</u> – Observasjonane eller observasjonsrutinane tillèt ikkje å trekke konklusjonar.	Diskutere med grunneigarane jaktuttak av hjort, storfugl og villrein (forskrifta hindrar ikkje jakt). Intensivering eller auka målretting av hjortejakt.
Leveområde for villrein	Graden av menneskeleg aktivitet skal vere på eit nivå som ikkje legg hindringar for at villreinen skal kunne bruke verneområdet som ein naturleg del av sitt leveområde.	Registrering ved synfaring i området.	<u>God</u> – Villreinen brukar dei delane av verneområdet som er naturleg villreinhabitat som ein del av den naturlege syklusen i områdebruk. <u>Dårlag</u> – Villreinen brukar ikkje området, hovudsakleg som fylgje av menneskeleg aktivitet. <u>Usikker</u> – Ikkje kjent om villreinen brukar området. Eventuelt brukar ikkje villreinen området, men årsaka er ukjend.	Diskutere med grunneigarane jaktuttak av hjort, storfugl og villrein (forskrifta hindrar ikkje jakt). Informasjon til friluftsfolk m.m. Forvaltingspraksis i samband med motorisert ferdsel, tilsyn med anlegg osv. skal ta omsyn til villreinen.
Ospeholene	Utvikle seg naturleg. Området er omgjeve av furuskog og utviklinga er usikker.	Registrering av særleg skog og fugleliv..	<u>God</u> – Urskogsutvikling <u>Dårlag</u> – Ikkje urskogutvikling <u>Usikker</u> – Ikkje vert gjort kartlegging	Avklaring av naturleg treslagdynamikk

4. Brukarinteresser

4.1.Landbruk

Status og utfordringar

Området blir i dag nytta som beite for sau, både av grunneigar og andre. Grunneigaren har pr i dag om lag 140-150 vinterfora sauer, som beiter blant anna i Kvitingsmorki naturreservat. Det er ikkje kjent kor mange dyr som totalt beiter i naturreservatet. Bøndene som har sau på beite i området, både i og utanfor verneområdet, har ei felles gjeterordning. Det er behov for husvære blant anna på stølen Kvitingsmorki for grunneigartilsyn, gjeting, sauesanking m.m..

Det høyrer med i biletet at jakt og bruk av utmarksressursane er ein viktig del av det økonomiske grunnlaget for grunneigarane (Natvik gard).

Det vert ikkje drive stølsdrift på Kvitingsmorki i dag. Bruken knytt til landbruk avgrensar seg difor til tilsyn med dyr på beite. Omfanget av beite vil variere over tid. Det er fleire gardsbruk som tidlegare har nytta området til beite, og som har høve til å ta opp att bruken.

Aktiviteten knytt til stølen fører med seg noko behov for motorisert ferdsel. Til dømes vert det år om anna køyrd ut saltsteinar med snøskuter, men dei siste åra har saltsteinane vore plasserte utanfor naturreservatet. Det er og behov for å frakte inn ved og proviant til stølshusa på Kvitingsmorki. Motorisert ferdsel er omtalt under eit eige punkt.

Det er eit ønske frå brukarane å kunne ta ut ved rundt Kvitingsmorki til bruk i stølshusa. Det er sju stølshus på Kvitingsmorki i dag, i tillegg har hytta om lag 800 m unna (i Botnen) behov for ved. Det er ikkje kjent kor mykje ved som går med i løpet av året, men viss ein reknar fire 60 l-sekkar i gjennomsnitt på kvart stølshus i året, blir dette til saman oppunder eit mål/meterfavn ved ($2,4 \text{ m}^3$). Skogoversynet som vart gjort i samband med vernet viser, ein årleg tilvekst på $0,2 \text{ m}^3/\text{daa}$ for områda nærmest stølen. Det vil seie at hogst for å halde stølshusa med ved kan måtte utgjere 12 daa dersom ein berre skal ta ut tilveksten. Dersom ein korrigerer for at delar av den nemnde tilveksten er furu, ikkje bjørk, vil arealet ein tek (bjørke)ved frå verte større.

For å oppretthalde ein open stølsvoll, som ein viktig del av kulturmiljøet på Kvitingsmorki, er det ønske om å kunne fjerne tre og buskar innafor eit område definert som stølsvoll. Av omsyn til brannfare ønskjer brukarane på stølen òg å kunne fjerne brannfarleg vegetasjon. Det er også ønske frå grunneigarane om å etablere ein fast bålpllass på stølen, for m.a. å hindre at folk brenner bål på ulike stader (det er ein stad på stølen som frå fleire år tilbake har vore ein del nytta som bålpllass). Dette er gode tiltak, både for å sikre natur- og kulturverdiar på stølsvollen, og for å sikre bygningane og barskogen mot auka brannrisiko. Av ureiningsomsyn bør det ikkje brennast plast og anna avfall på bålplassen, m.a.o. bør avfall transporterast ut.

Det er og kome ønske om å kunne ta never i verneområdet til bruk på stølshusa. Det er spor etter dette frå tidlegare tider på bjørkestammer fleire stader i verneområdet.

Rammer og regelverk

Formålet med vernet er i følgje Forskrift om freding av Kvitingsmorki som naturreservat kap. III å “*sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv*”. Vidare seier kap. IV at “*Vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging*”. I kap. V, pkt. 5 opnar forskrifta for “*beiting på eit nivå som ikkje er til skade for fredingsformålet*”. Verneforskrifta er heller ikkje til hinder for vedlikehald av bygningar og andre anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet, jamfør kap. V, pkt. 6.

Søknader om rydding av vegetasjon og fjerning av brannfarleg vegetasjon på stølsvollen (jf kart vedlegg 1 og detaljkart med flyfoto vedlegg 2), vedhogst og å ta never til bruk på stølshusa, er tiltak som må vurderast etter naturmangfaldlova § 48 som dispensasjon frå vernevedtaket.

Å etablere ein fast bålpllass på stølsvollen kan tenkjast å endre naturmiljøet, og difor vere i strid med verneforskrifta, jamfør kap. IV, pkt. 3. Vi meiner likevel at dette er eit tiltak som ikkje nødvendigvis vil skade naturmiljøet. Dersom ein bålpllass blir etablert ein stad på stølsvollen som eignar seg til dette, til dømes der det tidlegare har vore bålpllass, reknar vi ikkje dette som i strid med verneforskrifta, og difor heller ikkje søknadspliktig. Bålbranning er i seg sjølv ikkje forbode etter vernereglane. Likevel er det ikkje lov å nytte buskar og tre frå naturreservatet til båla, jamfør at “*vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging*”, verneforskrifta kap. IV, pkt. 1.

Hogst av ved til bruk på stølen må vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova, dvs. om det er i strid med verneformålet og om det vil kunne påverke verneverdiane nemneverdig. Vedhogst er aktuelt i ei avgrensa vedhogstsone (sjå kart vedlegg 1 og detaljkart med flyfoto vedlegg 2).

Retningslinjer for forvaltninga

Bruken av utmarka til beite er ein viktig ressurs for landbruket. Beitebruk i det omfanget som har vore fram til no er ikkje vurdert som ein trussel mot verneformålet, og forvaltningsstyretemakta er difor positiv til at beitebruken i området held fram. Beitebruken bør ikkje føre til meir motorisert ferdsel enn i dag.

Det er usikkert kva biologiske verdiar som er knytte til stølsvollen, men naturbeitemark er ein naturtype som kan ha spesielle og sjeldsynte artar.

Fylkesmannen meiner at å fjerne vegetasjon i området som er definert som stølsvoll ikkje vil kome i strid med verneformålet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

Fylkesmannen går inn for å gi fleirårig dispensasjon frå verneforskrifta for søknader om rydding av stølsvollen, slik den er avgrensa i forvaltningsplanen, inkludert fjerning av brannfarleg vegetasjon, sidan det kan sikre ukjende verdiar. For å ta vare på naturtypen, særleg med tanke på eventuell beitemarksopp, må trea takast medan dei er relativt små. Slik vedlikehaldsrydding vil difor neppe gje særleg mykje ved. Avgrensinga av stølsvollen er gjort i kart (vedlegg 1) og flyfoto (vedlegg 2).

Tilsvarande er det ikkje kjent kva biologiske verdiar som er knytte til det opne området rundt restane etter husmannspllassen ved Sagi. Fylkesmannen vil difor vere positiv til og gje dispensasjon for, tiltak som kan oppretthalde og fremje tradisjonelt arts mangfald i slåtteenga.

Hogst av ved er i utgangspunktet problematisk i høve til verneformålet, då det vil kunne gripe inn i det naturlege plante- og dyrelivet. Den lange høgdegradienten med skog, frå havnivå og høgt mot fjellet, er ein viktig verdi i Kvitingsmorki naturreservat. For å kunne ta vare på dette, og studere korleis skoggrensa stig som reaksjon på at tradisjonell stølsdrift m.m. har teke slutt (og også som følgje av venta klimaendringar), er det ikkje ønskjeleg å generelt å opne for hogst i fjellskogen.

Eit unntak kan vere å opne for hogst i eit visst, avgrensa område i nærleiken av stølen for å dekkje behovet for ved på stølen og til hytta, i staden for at ein skal frakte inn ved med helikopter. Eit løyve til vedhogst i ei utpekt hogstområde føreset at totalomfangset ikkje går ut over verneformålet og verneverdiane nemneverdig sidan eit løyve må handsamast etter den generelle dispensasjonsregelen § 48 i naturmangfaldlova. I eit område ovafor stølsvollen syner kartet snaumark, sjølv om det er ein del bjørk der i dag. At kartet syner dette, skuldast temmeleg opplagt tidlegare stølsdrift, for her finst også restar av gamle, store furutre som ligg att i marka. Attgroing av tidlegare ope beitemark opp mot fjellet utgjer ein mogleg fare for kulturavhengige artar og artssamfunn. Sjølv om vi ikkje veit konkret om dette trugar biologisk mangfald i Kvitingsmorki, kan det ikkje utelukkast, og det vil neppe skade at det vert hogge i skog (både bjørk og furu) til bruk som ved i dette attgroingsområdet. Store og særmerkte tre (både bjørk og furu) og over ein sett diameter (t.d. 20 cm) og gadd (daude/tørre tre) bør likevel ikkje hoggast. Det vil kunne auke den vitskaplege verdien å gje høve til å samanlikne ein høgdegradient med og utan hogst. I tillegg vil det kunne gje ved til bruk på stølen. På bakgrunn av dette meiner vi det vil vere rett å gi løyve (t.d. på 5-årig basis) for uttak av ved til bruk på stølen i definert vedhogstsone, på nærmere vilkår. Det kan ikkje pårekna løyve til vedhogst andre stader i naturreservatet. På vedlagt kart er hogstsona vist (vedlegg 1), sjå og flyfoto vedlegg 2). Men dersom det syner seg å vere for lite ved i hogstsona, kan det vere aktuelt å justere vedhogstsona i framtida når ein har hausta røynsler med denne, eventuelt ta i bruk eit «reserveområde» med bjørk i lia sør for vatnet sør for hytta i Botnen (UTM-koordinat 32 V 423113 6782763).

Fylkesmannen vil såleis gi eit fleirårig løyve til vedhogst til bruk i stølshus og hytter innanfor definert vedhogstsone (dei privatrettslege tilhøva mellom grunneigarane og bruksrettshavarane vedrørande vedhogst tek forvaltningsplanen ikkje stilling til).

Det vanlege ved vedhogst til stølen har til no vore å frakte veden på kjelke. Ved eventuell søknad om hogst vil forvalningsstyremakta også vurdere tiltaket opp mot den motoriserte ferdsla det alternativt fører med seg å frakte ved inn i området. Det er difor ein føremon om hogsten i seg sjølv ikkje fører med seg behov for motorisert ferdsel.

Å ta never (frå bjørk) til bruk på stølshusa må vurderast som ei dispensasjonssak på lik linje med vedhogst. Det er ein tradisjonell form for utnytting av naturressursane, også i Kvitingsmorki. Omfanget av aktiviteten vil vere avgjeraende for om dette er i strid med vernevedtakets sitt formål. Det er ikkje opplagt i kva grad nevertaking grip inn i naturpreget på ein skog ut over det reint visuelle. T.d. vil det venteleg påverke samfunnet av lav og anna som veks på trea, og artssamfunna som lever i barkmiljøet. Så lenge denne påverknaden berre gjeld ein svært liten del av bjørkeskogen (eller bjørketrea) i reservatet, vil det vanskeleg kunne gjere særleg skade på naturmangfaldet og dei naturlege prosessane i naturreservatet. Fylkesmannen er difor innstilt på etter søknad å gje løyve til å ta never til taktekking av stølshus på stølen Kvitingsmorki. Fylkesmannen vil i vilkåra leggje opp til å

kunne evaluere inngrepet i etterkant, som grunnlag for å anten innskjerpe eller vidareføre same praksis overfor seinare søknader.

4.2.Friluftsliv

Status og utfordringar

Store delar av verneområdet er i fylkesdelplan for arealbruk i Sogn og Fjordane registrert som eit regionalt viktig friluftsområde. Det er fleire stiar i verneområdet (sjå kart vedlegg 3), og ferdsla som er i dag er ikkje problematisk for naturmiljøet og verneformålet. Stien/ruta Sagi-Kvitingsmorki-Storevatnet-Halsen-Naddvik er presentert i boka Opptur Sogn og Fjordane. Fleire av stiane er i ferd med å vekse til. Det er behov for å halde eit utval av stiane i hevd slik at ferdsla kan gå føre seg på dei og ikkje andre stader. Parkeringsplassen ved Fv53 er truleg i minste laget på dagar då mykje folk går på tur og enkelte dagar under jakt og sauesank. Starten på stien er òg utsett for erosjon, og kan med stor slitasje bli uframkomeleg på sikt.

Følgjande stiar i området er å rekne som hovudstiar (sjå kart i vedlegg 3, hovudstiar markert med gult):

- Stien frå P-plass ved Fv53 (Sagi) til stølen Morki (dette er den desidert viktigaste og mest brukte stien i området, med på Statens kartverk sitt kart 1:50 000 i Norgeserien)
- Stien vestover frå Morki til Langedalen og vidare ut av naturreservatet mot Lærdal (gamal ferdsselsveg, ikkje med Statens kartverk sitt kart i 1:50 000 i Norgeserien)
- Stien frå Morki austover til Storevatnet og Vikadalen (med på Statens kartverk sitt kart 1:50 000 i Norgeserien)

Rammer og regelverk

Forskrift om freding av Kvitingsmorki naturreservat er ikkje til hinder for utøving av enkelt friluftsliv utan særleg grad av tilrettelegging. Det er verdt å merkje seg at det er forbode å fjerne planter eller plantedelar, og at dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er fredda mot skade og øydelegging. Det er heller ikkje tillate med *“idrettsarrangement, jaktpører og annan organisert bruk av reservatet”*, jf. verneforskrifta kap. IV, pkt. 5. Forsøpling av området er forbode.

Bålbrunning er i seg sjølv ikkje forbode etter vernereglane. Likevel er det ikkje lov å nytte buskar og tre frå naturreservatet til bålbrunninga, jamfør at *“vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er fredda mot skade og øydelegging”*, verneforskrifta kap. IV, pkt. 1.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til *“Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdsselsvegar”*, jf. verneforskrifta kap. VI, pkt. 2.

«Idrettsarrangement, jaktpører og organisert bruk av reservatet er forbode» (verneforskrifta kap. IV, pkt. 5). Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til *«avgrensa bruk av reservatet i samband med undervisning»* (verneforskrifta kap. VI, pkt 4). Anna organisert ferdsel må handsamast etter den generelle unntaksparagrafen, no § 48 i naturmangfaldlova om ferdsla er i strid med verneformålet og om den vil kunne gjere nemneverdig skade.

Verneforskrifta kap. IV, pkt. 7, seier at *“Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av reservatet ved forskrift”*.

Aktivitetar som er knytte til gardsdrifta på Natvik, som sauesanking (som gjerne blir gjennomført med fleire personar), jakt (jaktlag) og fiske med bruk av utmarksressursar innanfor vernereglane, kjem ikkje innunder organisert bruk som det må søkjast om.

Retningslinjer for forvaltninga

Forvaltninga vil leggje opp til at det kan drivast tradisjonelt friluftsliv i naturreservatet utan at det går utover verneformålet. Det er lite aktuelt å leggje til rette for meir friluftsliv enn i dag i naturreservatet. Stiar, bruer og liknande bør vedlikehaldast for å lettare kunne kanalisere ferdsla der det er ønskjeleg, og unngå slitasje og uroing i delar av verneområdet der dette ikkje er ønskjeleg, og som er særskilt utsett for dette. Det er i samråd med brukarar av området laga ei oversikt over stiar i naturreservatet (vedlegg 3). Fylkesmannen legg til grunn at desse stiane, både dei som er med på N50-kartet og dei som grunneigarane i tillegg har teikna inn, er å sjå på som eksisterande stiar og gamle ferdelsvegar som forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til å halde ved like etter kapittel VI, pkt. 2 i verneforskrifta. Det kan difor pårekna fleirårig løyve til å rydde desse dersom dei anten har preg av å vere i bruk (m.a. at dei er lette å finne i dag), eller er formålstenlege for å fremje eit friluftsliv som ikkje trugar verneformålet, eller er kulturhistoriske verdifulle å halde ved like. Rydding og vedlikehald vil ha som siktemål at stiane skal vere lette å finne, og lette å gå, utan unødige inngrep. Det kan ikkje pårekna løyve til å fjerne større tre. Nedfallstre som sperrar vil kunne leggjast til sides eller sagast gjennom som ein del av vedlikehaldet, og andre gonger vil det vere mest tenleg å leggje stien utanom tre som har falle over ende.

Dei tre hovudstiane (sjå stiar markert med gult i vedlegg 3) vil ha høgare prioritert m.o.t. rydding, vedlikehald og tiltak enn dei andre stiane i naturreservatet.



Her er det betre å leggje stien om enn å sage seg gjennom eit stormvelta tre. Foto: Tom Dybwad

Organisert ferdsel blir i seg sjølv ikkje sett på som eit trugsmål mot verneformålet og naturmiljøet i naturreservatet, og det kan gå år mellom kvar gong det vert arrangert ein fellestur t.d. i regi av lokalt turlag. Verknaden av at t.d. 20-30 personar går samla på ein tur på hovudstiane er ikkje så stor at det vil kunne skade naturmiljøet. På denne bakgrunnen går

Fylkesmannen inn for at det blir gjeve eit fleirårig løyve til turlag og grunneigar om å arrangere ein-dags fellesturar med turleiar til Kvitingsmorki på dei tre hovudstiane. Løyvet kan utvidast til andre som arrangerer turar med formidling av natur- og kulturverdiar. Det kan ikkje pårekna løyve til overnatting i samband med organiserte turar i naturreservatet. Formålet med at organisert ferdsel av området skal skje etter løyve er at det er ønskjeleg å ha ei oversikt over bruken av naturreservatet, slik at ein kan få eit bilet av den samla belastninga på verneverdiane. Samtidig kan ein i eit eventuelt løyve setje vilkår, til dømes om at sokjar må unngå særskilt sårbare område.

Då ferdsla som er i dag ikkje er problem for naturmiljøet, ser Fylkesmannen det som lite aktuelt at Direktoratet for naturforvaltning skulle regulere eller forby ferdsel i naturreservatet av omsyn til verneformålet.

Aktuelle tiltak

Eit utval stiar bør haldast ved like slik at dei fungerer som naturlege ferdelsårer i naturreservatet. Det kan vere aktuelt å merke stiar – og då særleg dei tre hovudstiane - tydelegare enn i dag, og å rydde vegetasjon slik at stiane skal bli synlege og lette å følgje. Det kan vere aktuelt at Statens naturoppsyn (SNO) gjennomfører tiltak som merking og rydding av stiar. På hovudstien frå P-plassen til stolen Morki er det særleg viktig med vedlikehald av stien og andre tilretteleggingstiltak.

Frå grunneigarane er det kome ønske om noko større parkeringsplass nede ved riksvegen. P-plassen ligg på alle kart innafor grensa for naturreservatet. Fylkesmannen ser at med enkle og små inngrep kan P-plassen gjerast så stor at den vil ha plass til 8-9 bilar. Utviding må drøftast med Vegvesenet (i tillegg til grunneigar), då det er spørsmål om trafikale forhold. (sjå også eiga omtale av grensa for naturreservatet mot Fv53 i kap. 5.3).

Bosspannet på P-plassen bør fjernast, for det vert fullt av søppel og oppmuntrar ikkje til at folk tek med seg søppelet heim.

Fylkesmannen vil gi eit fleirårig løyve til turlag og liknande organisasjonar og til grunneigarane til å arrangere dagsturar på dei tre hovudstiane i naturreservatet.

4.3.Jakt og fiske

Status og utfordringar

Innanfor naturreservatet er det jakt på hjort, elg og rein. Egedomen Natvik gard har i alt årleg om lag 20 hjorteløyve og nokre elgløyve, I tillegg til dette er området òg del av Lærdal-Årdal villreinområde. Lærdal-Årdal villreinområde ca. 80 fellingsløyve på rein. Kvitingsmorki er ein del av desse jaktområda. Det blir og drive småviltjakt innanfor naturreservatet, og fiske i Viervatnet. Omfanget av småviltjakt og fiske er ikkje kjent.

Det er kome ønske om å kunne hogge skytesoner til faste postar i hjortejakta. Jakta kan føre med seg behov for motorisert ferdsel for å transportere ut kjøt (sjå kapittel om motorisert ferdsle).

Rammer og regelverk

I følgje verneforskrifta er jakt og fiske tillate etter høvesvis viltlova og lakse- og innlandsfiskelova. Verneforskriftene set likevel føringar for utøvinga av jakt og fiske i

naturreservatet. Alt dyreliv elles er freda mot skade og øydelegging, og det er eit generelt forbod mot all aktivitet som kan endre naturmiljøet. Direktoratet for naturforvaltning kan og av omsyn til fredingsforemålet forby eller regulere ferdsel i heile eller deler av reservatet ved forskrift, jamfør verneforskrifta kap. IV, pkt. 7.

Retningslinjer for forvaltninga

Den viktigaste problemstillinga med utøving av jakt i naturreservatet i dag, er rydding av skytesoner- Forvaltningsstyresmakta må vurdere eventuelle søknadar om rydding av skytesoner til faste postar i hjortejakta etter naturmangfaldlova § 48. I samråd med grunneigar er aktuelle jaktpostar markerte på kart (sjå vedlegg 4), 7 stk.i alt. Fylkesmannen er innstilt på å gje løyve til ei viss, varsam rydding på desse stadene, på nærmare vilkår. I nyare verneforskrifter er det vanleg å ha med ei formulering om forsiktig fjerning av mindre mengder kvist på postar i samband med storviltjakt. Med varsam fjerning av kvist vil vi i utgangspunkt tenkte på fjerning av nedfallskvist og kvist på tre, då fjerning av (små) tre vil vere eit større inngrep i den naturlege forynginga m.m. Sidan omfanget er avgrensa til dei sju postane som er viste i vedlegg 4, kan det likevel vurderast å tillate å fjerne noko meir, også eventuelt småtre, dersom dette er spesielt viktig for gjennomføring av jakta. Det at det er peikt ut faste jaktpostar lettar både kontroll og evaluering av tiltaka, slik at det er mogleg å justere praksis på basis av røynslene ein gjer.

4.4.Kulturhistoriske verdiar

Status og utfordringar

Det er fleire restar av bygningar og andre gjenstandar i verneområdet som vitnar om stølsdrift og skogbruk langt tilbake i tid. Dei mest aktuelle er tømmerkoia om lag halvvegs mellom Sagi og Kvitingsmorki (kalla stova på Tågi), det siste uthuset/fjøset på Kvitingsmorki og restane etter saga ved Sagi,. Grunneigar er særleg interessert i å restaurere desse kulturminna.



Fylkesmannen har gjeve løyve til å setje i stand dette uthuset på Morki. Foto: Tom Dybwad

Nokre restar etter tidlegare aktivitet, t.d. taubana ved Ospeholene, bør etter vårt syn berre bli ståande til nedfalls, som eit minne, medan andre restar etter tidlegare aktivitet bør ryddast opp i.



Restar etter taubana for tømmer ved Ospeholene. Foto Tom Dybwad

For å få ei oversikt over kulturminna i naturreservatet er det ønskjeleg å få gjennomført ei registrering av desse. Registreringa vil også gi grunnlag for å ta stilling til om kva for restar av tidlegare aktivitet som ikkje er å rekne som kulturminne og som bør ryddast opp i/fjernast eller berre bli ståande.

Rammer og regelverk

Verneforskrifta opnar for at forvalningsstyrestrukta etter søknad kan gi løyve til vedlikehald av kulturminne (kap. VI, pkt. 2.). Vernereglane er elles ikkje til hinder for vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredningstidspunktet. Dette gjeld òg for bygningar som representerer kulturverdiar, dersom dei var i bruk på fredningstidspunktet.

Tiltak på kulturminne utover vedlikehald, som til dømes oppsetjing av bygningar som det berre finst restar av, må handsamast som dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48, der både tilhøvet til verneformålet for naturreservatet, og kulturverdien av kulturminnet, inngår i vurderinga.

Retningslinjer for forvaltninga

I dispensasjonssaker knytte til kulturminne må tilhøvet til verneformålet for naturreservatet, og naturmangfaldlova (ikkje minst §§ 8-12) vurderast opp mot kulturverdien av kulturminnet, og kva det omsøkte tiltaket har å seie for å ta vare på den verdien. Særleg viktig er om istrondsetjing av kulturminne vil kunne stride mot verneformålet, og om tiltaket kan påverke verneverdiane nemneverdig, jf naturmangfaldlova § 48, sjå kap 5.1). For dei kulturfaglege

vurderingane, vil forvaltingsstyresmakta støtte seg på fagleg utgreiing innhenta frå fylkeskommunen si kulturavdeling. M.a. er det då viktig at kulturminnestyresmakta tek stilling til kva ulike alternativ vil ha å seie for kulturvernet, m.a. ulike grader av aktiv synleggjering/vedlikehald/nyrestaurering samanlikna med utelukkande passiv dokumentasjon (kartfesting, fotografi og historisk skildring).

Kunnskapen om kulturminne i området er etter vårt syn ikkje god nok, noko som kan vere uheldig for forvaltninga av naturreservatet. Sjølv om registrering av kulturminne er kulturminnestyresmaktene sitt ansvar, vil Fylkesmannen vil difor be om midlar til kartlegging/registrering av kulturminne over forvaltningsbudsjettet. Registreringa vil bli gjort i samarbeid med kulturminnestyremaktene (kulturavdelinga i fylkeskommunen) som har det faglege ansvaret. Omfanget må tilpassast midlane som er til rådvelde for registreringa.

4.5. Bygningsmiljøet på stølen Morki

Status og utfordringar

Bygningsmiljøet på Morki viser i hovudsak ein tradisjonell byggeskikk gjennom storleiken på bygningane, utforming (t.d. takutstikk og takvinkel), materialbruk m.m.. Det er eit mål at også i framtida skal inntrykket vere at Morki er ein støl der det tradisjonelle bygningsmiljøet er ivareteke.

Rammer og regelverk

I naturreservatet er oppføring av bygningar forbode (verneforskrifta pkt. IV, 3.1). Vedlikehald av anlegg (og med det også bygningar) som er i bruk på fredningstidspunktet er likevel tillate (verneforskrifta pkt. V, 6). Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til vedlikehald av kulturminne (verneforskrifta pkt. VI, 2). Søknader om utviding av bygningar og nye bygningar må handsamast etter den generelle unntaksparkrafen, der det no er § 48 i naturmangfaldlova som gjeld.

Retningslinjer for forvaltninga

Når vedlikehald av bygningar er tillate, inneber det at vedlikehaldet skal vere av ein slik art at den eksisterande og tradisjonelle byggeskikken vert følgjt. Ved utskifting av vindauge skal det som på eksisterande bygningar vere vindauge med ekte sprosser. Ved skifte at utvendig dør skal det setjast inn ny dør som er mest mogleg identisk. Ved skifte av tak skal takutstikket, som i dag, vere lite, og takvinkel og taktekkingsmaterialet skal vere det same som tidlegare. Hovudselet skal ha liggjande ufalsa kledning, men ikkje villmarkspanel, medan skotet på eit sel oftast har ståande kledning). Dersom ein ønskjer endringar i høve til utsjånad i dag eller bruksendring, må dette søkjast om etter verneforskrifta.

Sidan søker om utviding av bygningar og nye bygningar må handsamast etter den generelle unntaksparkrafen (§ 48 i naturmangfaldlova), inneber dette at det vil vere ein svært høg terskel for å gi løyve til utvidingar og nybygg. Ein kan m.a.o. ikkje rekne med å få løyve til dette.



Bygningsmiljøet på Morki framstår som tradisjonelt. Foto: Tom Dybwad

4.6.Kraftanlegg

Status og utfordringar

Østfold Energi har kraftanlegg inne i, og like i nærleiken av verneområdet. Viervatn pumpestasjon ligg inne i verneområdet. Vatn vert pumpa opp frå Viervatn til Storevatnet for overføring til Nyset Steggje Kraftverk. Drifta baserer seg på at det ikkje er avrenning frå Viervatnet. Drift og vedlikehald av pumpestasjonen fører med seg behov for motorisert ferdsel i samband med jamleg ettersyn, klargjering til driftssesongen, vinterklargjering, og større vedlikehaldsarbeid eller rehabiliteringar. I tillegg til dette vert det gjort nokre snømålingar kvar vinter. Det meste av transporten går føre seg med helikopter, men snøskuter vert og ein del brukt i vinterhalvåret.

Rammer og regelverk

Verneforskriftene er i utgangspunktet til hinder for kraftanlegg, jamfør kap. IV pkt. 3 “*Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet...*” . Samstundes er reglane i kap. IV ikkje til hinder for vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet. Det generelle forbodet mot motorisert ferdsel er heller ikkje til hinder for at forvalningsstyresmakta etter søknad kan gje løyve til den naudsynte motoriserte ferdsla knytt til drifta av anlegget, jamfør verneforskriftene kap. VI, pkt. 1. Ved drift og vedlikehald av kraftanlegg må det likevel takast omsyn til dei generelle reglane i kap. IV.

Østfold Energi har hatt eit fleirårig løyve på 20 besøk (snøskuter/helikopter) pr år i Kvitingsmorki naturreservat for drift og vedlikehald av sitt anlegg ved Viervatnet (sjå kap. 4.7. Motorferdsel).

Retningslinjer for forvaltninga

Det er ingen aktuelle problemstillingar med Østfold Energi sitt kraftanlegg ved Viervatnet og drifta av dette utover det som gjeld motorferdsel, sjølv om det for naturreservatet sin del ville ha vore ein føremon med (noko) avrenning frå Viervatnet.

4.7.Motorferdsel

Status og utfordringar

Det har årleg vore nokre få søknader om bruk av snøskuter og helikopter til transport av ved, proviant, byggjemateriale og liknande til stølen Kvitingsmorki. Det har òg vore nokre søknader om transport til stader utanfor verneområdet, men der delar av ruta går gjennom verneområdet. Grunneigar har tidligare hatt eit treårig løyve for transport til stølshuset. Det har til no ikkje vore søkt om (helikoptertransport) av jaktutbytte i naturreservatet.

Østfold Energi har hatt eit fleirårig løyve på 20 besøk (snøskuter/helikopter) pr. år i Kvitingsmorki naturreservat for drift og vedlikehald av sitt anlegg ved Viervatnet. Dette løyvet har hatt stor grad av fleksibilitet med tanke på tidspunkt og type ferdsel (snøskuter/helikopter). I løyvet ligg det eit krav om at all planlagd ferdsel (for rutinemessig vedlikehald) skal meldast inn til Statens Naturoppsynt på førehand. Motorferdsel i samband med større vedlikehaldsarbeid/rehabiliteringar kjem i tillegg til dei 20 besøka, og må søkjast om til Fylkesmannen dersom det er slike planar. I samband med forvaltningsplanen har Østfold Energi kome med framlegg til endringar som er meir presise i høve til drifta og behovet for motorferdsel. Løyvet for 2012 og framover vil bli utforma i tråd med dette.

Ved gjennomføring av motorferdsel, og særleg ved bruk av snøskuter, er det viktig at det vert teke omsyn til villreinen når den er i området.

Rammer og regelverk

Verneforskrifta opnar for at forvaltningsstyresmakta etter søknad kan gje løyve til naudsynt motorferdsel i samband med jakt og vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet, jamfør verneforskrifta kap. VI, pkt. 1.

Retningslinjer for forvaltninga

Motorisert transport i området ligg på eit lågt nivå, og ser ut til å dekke behovet. Fylkesmannen ser ingen grunn til å endre på dagens forvaltningspraksis når det gjeld tildeling av løyve til grunneigarane, med fleirårige løyve når det gjeld årvisse behov.

Når det gjeld drifta av Østfold Energi sin pumpestasjon ønsker Fylkesmannen at motorisert ferdsel i samband med drifta av pumpestasjonen vert handsama som fleirårig løyve, t.d. 4 år om gangen sidan deira tilsyn gjeld lovpålagde oppgåver. Østfold Energi opplyser dei at deira behov for motorferdsel gjeld rutinemessig besøk ein gong i månaden, og i tillegg kjem utrykkingar når fjernavleste signal gjer det naudsynt med tilsyn. Det siste kan variere sterkt. Når Østfold Energi er inne med helikopter, utgjer eit tilsyn til vanleg 4 landingar: ei landing med folk inn, ei landing med utstyr inn, ei landing med utstyr ut og ei landing med retur folk. Med snøskuter må Østfold Energi reise tre snøskuterar for å få med seg utstyr, og det gjev dessutan betre tryggleik. Vilkår for løyve er m.a. førehandsvarsling til Statens Naturoppsynt

for rutinebesøk til pumpestasjonen og årleg rapportering. Østfold Energi opplyser at dei ikkje ønskjer meir motorferdsel enn naudsynt.

Østfold Energi har uttalt at dei ikkje vil overlate deira transportoppdrag til andre på grunn av fagkompetansen som krevst, men at dei mot dekking av meirkostnader kan løyse transportoppdrag for andre i same området dersom dette enkelt lar seg gjere. Samordning av transport bør skje når det er mogleg for å unngå unødvendig motorferdsel. Ein føresetnad må vere at brukarane er positive til dette, og at det ikkje fører med seg ekstraarbeid eller tilleggskostnader for nokon av partane.

Når det gjeld utfrakt av jaktkjøt, skal det vere mogleg å få frakta ut kjøt i samband med jakt på storvilt. Dette har til no ikkje har vore aktuelt, og det er difor ikkje blitt søkt om. Følgjande skjønnsføresetnad, formulert av staten sin prosessfullmektig, vart lagd til grunn for erstatningsoppgjjeret for Kvitingsmorki naturreservat:

"Det kan etter søknad påregnes gitt dispensasjon med hjemmel i vernereglenes pkt. VI nr. 1 for det antall helikopterflygninger som er nødvendig for uttransport av felte hjortedyr, d.v.s. et visst antall flygninger hver jaktsesong.

Begrunnet søknad med opplysninger om behov, skal sendes Fylkesmannen i god tid før jaktsesongen. Antall turer som tillates, vil bli konkret vurdert. Det er aktuelt å gi 3-årige løyver.

Uavhengig av dette, må grunneier innhente nødvendige tillatelser etter annet lovverk, - motorferdselsloven."

Slike skjønnsføresetnadar er ikkje formelt styrande for forvaltninga på same måte som verneforskrifta og forarbeida er. Verknaden av ein skjønnsføresetnad er derimot at dersom forvaltninga gjer vedtak som ikkje samsvarar med føresetnaden, har grunneigar rett til å krevje erstatning for dette. Forvaltningsstyresmakta sine avgjerder må til ei kvar tid vere heimla i verneforskrifta og naturmangfaldlova. Skjønnsføresetnadane kan difor sjåast som forvaltningsstyresmakta si førehandsvurdering av korleis dei aktuelle spørsmåla vil verte handsama når det kjem søknad.

Stølen på Kvitingsmorki peikar seg ut som det opplagte utgangspunkt for helikoptertransport i jakta, sidan dette er eit ope område og her er det bygningar. Med det kan eventuell transport av jaktkjøt også samkjøyst med annan transport til stølen. Grunneigarane ønskjer på bakgrunn av skjønsretten sine føresetnader at det skal vere mogleg, dersom det vert aktuelt, etter søknad, også å kunne frakte storvilkjøt ut frå ein open plass/myr mellom toppkt. 764 og Langedøla. Bakrunnen er den lange og tunge vegen frå dette området og bort til stølen. Fylkesmannen meiner at terrenget frå dei vestre delane av naturreservatet ved Langedalen gjev ein svært lang eller bratt veg å gå frå Langedalsområdet og ned til Fv 53, noko som gjer det urimeleg i høve til skjønsretten sine føresetnader å skulle seie nei til helikopterfrakt herifrå dersom det vert aktuelt.

Det er ikkje aktuelt å gi løyve til å lande med helikopter «kor som helst» for utfrakt av jaktkjøt, men tidspunkt kan vere fleksibelt, med vilkår om å melde frå til Statens naturoppsyn på førehand.

Omsynet til fugle- og dyreliv, særleg villrein vil vere viktig for vilkår som vert sett for løyve til motorferdsel.

5. Forvaltning

5.1. Praktisering av dispensasjonsheimlane i verneforskrifta

I verneforskrifta kap. IV er det lista opp kva tiltak og aktivitetar som i utgangspunktet er forbodne innafor vernegrensene. Det er unntak i verneforskrifta for ein del tiltak og aktivitetar som kan gjennomførast utan å søkje om løyve. Desse unntaka går fram av verneforskrifta kap. V. Andre tiltak og aktivitetar må det søkjast om løyve for. Aktuelle heimlar i verneforskrifta og naturmangfaldlova for å gjennomføre tiltak og aktivitetar i Kvitingsmorki naturreservat er utdjupa nedanfor. Nokre av tiltaka og aktivitetane som krev søknad, er nærmere omtalte i kapitlet om brukarinteresser.

Spesifisert dispensasjonsheimel

I verneforskrifta kap. VI er det lista opp tiltak som forvaltningsstyresmakta *kan* vurdere å gje løyve til:

1. *Naudsynt motorferdsel i samband med tiltak under kap. V pkt. 3 og 6.*
2. *Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdelsvegar. Vedlikehald av kulturminne.*
3. *Avverking av plantefelt og uttak av framande treslag.*
4. *Avgrensa bruk av reservatet i samband med undervisning.*
5. *Opplag av båtar.*

Generell dispensasjonsheimel

Naturvernlova av 1970 er avløyst av "Lov om forvaltning av naturens mangfold" (naturmangfaldlova) frå 1.7.2009. I følgje overgangsregelen i § 77 i naturmangfaldlova gjeld framleis eldre verneforskrifter. Likevel gjeld naturmangfaldlova § 48 i staden for den generelle dispensasjonsheimelen i gamle verneforskrifter (for Kvitingsmorki naturreservat pkt VIII). Dette tyder at søknaden om dispensasjon ikkje skal handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (kap. VIII), men etter reglane i § 48 i naturmangfaldlova. Den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (kap. VI) gjeld derimot framleis.

Naturmangfaldlova § 48 (dispensasjon fra vernevedtak):

"Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig. I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på at verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretakelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om

tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.”

Av teksten ovanfor går det fram at naturmangfaldlova § 48 opnar for at det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje kjem i strid med formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiene nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

Vilkåret om at tiltaket “*ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*” inneber at dispensasjonstilgangen er snever. Dette gjeld i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forbigåande uroing som har stor verdi for søkjær, men som ikkje fører til nemneverdig ulempe for verneverdiene. Dersom det er usikkert kva verknader eit tiltak kan ha for naturmiljøet, bør føre-var-prinsippet leggjast stor vekt på.

Eit anna vilkår er at tiltaket “*ikke strider mot vernevedtakets formål*”. Her må det vurderast om tiltaket er i strid med dei overordna målsettingane for naturreservatet. Denne dispensasjonsheimelen er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette tilfelle eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurderte på vernetidspunktet. Det må her leggast vekt på at verneformålet ikkje skal verte svekka på sikt ved ei bit-for-bit-forvaltning, ved at mange mindre inngrep/hendingar kan få store konsekvensar for verneformålet i sum.

Dispensasjon for “*vitskaplege granskinger*” (jf. verneforskrifta kap. VIII) er ikkje vidareført i naturmangfaldlova. Slike saker skal vurderast etter dispensasjonsheimelen for tiltak som “*ikke strider mot vernevedtakets formål* og *ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*” i § 48. Dette gjeld då i fyrste rekke dispensasjonar som er nødvendige for forsking. Nyten av granskingane eller forskingsprosjektet skal i kvart tilfelle vurderast opp mot dei ulempene forskinga medfører. Forskingsaktivitet som ikkje treng å verte lagd til eit verneområde, bør skje utanfor verneområdet.

Dispensasjon av omsyn til “*vesentlige samfunnsinteresser*” i naturmangfaldlova § 48 er ei vidareføring av tilsvarande dispensasjonsheimel i verneforskrifta. Dette gjeld tiltak der heilt særskilde forhold føreligg, jf. omgrepet “*vesentleg*”, og er primært berre aktuelt for tiltak av nasjonal interesse. Døme kan vere ledd i nasjonalt viktig infrastruktur. I praksis er denne heimelen lite brukt, då ei forskriftsendring (med ei formell høyring) gjerne er eit betre alternativ.

Dispensasjon når “*sikkerhetshensyn gjør det nødvendig*” er ein ny heimel i naturmangfaldlova. Det vert her sikta til m.a. sikkerheit for liv og helse, smittsame sjukdommar frå dyr og sikkerheit mot omfattande og direkte skade på eigedom. Generelt er slike sikringstiltak lite aktuelle i barskogreservata i Sogn og Fjordane.

5.2.Sakshandsaming ved dispensasjonssøknadar

Søknader om dispensasjon frå verneforskrifta skal vere skriftlege og sendast (som brev eller e-post) til forvalningsstyresmakta (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane), som avgjer om det skal gjevast løyve. Det kan berre gjevast dispensasjon dersom det finst heimel for det i verneforskrifta (kap. VI) eller i § 48 i naturmangfaldlova.

Naturmangfaldlova § 48 inneholder særskilde krav til søknader og grunngjeving av dispensasjoner gitt etter dei generelle dispensasjonsreglane. Det går fram at søknader i tillegg til utgreiing av tiltaket skal innehalde nødvendig dokumentasjon om verknaden tiltaket vil få for verneverdiane. I røynda er det i mange tilfelle forvaltingsstyresmakta sjølv (her Fylkesmannen) som er best i stand til å vurdere dette, og ein kan ikkje forvente at enkeltpersonar har god nok kompetanse til å gjere ei slik vurdering. Tiltakshavaren si plikt må då vere å gjere best mogleg greie for kva tiltaket går ut på, i form av tekniske løysingar, trasear, praktisk gjennomføring m.m., og ulike alternativ som kan tenkjast for å oppnå formålet med tiltaket. Dispensasjonsvedtak skal innehalde ei grunngjeving som viser korleis forvaltingsstyresmakta har vurdert verknadene som dispensasjon kan få for verneverdiane, og kva vekt det er lagt på dette.

Ved vurderingar som har bakgrunn i verneforskrifta skal bakgrunnen for opprettinga av verneområdet tilleggjast stor vekt. Dersom det er knytt usikkerheit til kva verknader eit tiltak kan få for naturmiljøet/verneverdiane, vil føre-var-prinsippet bli tillagt stor vekt, særleg dersom det er snakk om moglege irreversible verknader. I naturmangfaldlova §§ 8-12 er det, i tillegg til føre-var-prinsippet, fastsett fleire prinsipp som skal brukast ved handsaming av enkeltsaker.

Når det vert gitt løyve til tiltak eller aktivitetar i naturreservatet blir det vanlegvis knytt vilkår til løyvet, for m.a. å motverke moglege skadeverknadar. Skriftleg løyve skal takast med ved opphold/ferdsel i verneområdet, og kunne visast fram på førespurnad. Ein enkel rapport om tiltaket skal sendast til Fylkesmannen i ettermiddag, slik at forvaltingsstyresmakta får oversikt over tiltak som er gjennomførte i verneområdet.

Dersom dispensasjon vert gitt, vil dispensasjonen berre gjelde i forhold til verneforskrifta. Den som får løyvet må sjølv syte for å avklare tiltaket etter anna lovverk med eventuelle andre styresmakter og grunneigarar. Dette gjeld til dømes ved motorferdsel, der ein må søkje kommunen om løyve etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

Fylkesmannen si avgjerd på søknad om dispensasjon kan klagast inn for Direktoratet for naturforvaltning (DN) av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på tre veker. Klagen skal sendast til Fylkesmannen, som også kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument. Dersom Fylkesmannen ikkje tek klagen til følgje, vert saka send vidare til DN for endeleg avgjerd.

Når det kjem fram ny kunnskap, t.d. gjennom kartlegging av kulturminne og naturverdiar, er det naudsynt å ta omsyn til dette i vidare forvaltning og innarbeidd i forvaltningsplanen når denne vert revidert.

5.3.Grense ved vegen og grensemerking

Grensene for naturreservatet skal merkast i terrenget ved at knekkpunktata vert merkte med vernegrensebolt. Ved hovudstiane inn i naturreservatet skal det setjast opp skilt som viser at ein går inn i naturreservatet. Skilta er sett opp, medan knekkpunktata ikkje er merkte med bolt. Det er Fylkesmannen som er ansvarleg for grensemerking av naturvernområde, og sjølve merkinga med grenseboltar vert til vanleg gjort av jordskifteverket. Merking av knekkpunktata bør gjerast samstundes som dei andre barskogreservata i Sogn og Fjordane vert merkte.

Spørsmålet om utviding av P-plassen ved Fv53 (sjå kap. 4.2). aktualiserer også spørsmålet om kvar reservatgrensa faktisk går. Sjølve vernekartet av 1999 har ein grov målestokk som

gjer det vanskeleg å seie eksakt kvar grensa mot vegen går. Fylkesmannen har lagt til grunn at grensa går tre meter frå asfaltkanten på vegbana, medan dei digitale kartfilene som syner naturreservatet, har grensestrekningar som til dels kryssar vegsymbolet på N5-rasterkart. Eksisterande parkeringsplass ligg i begge tilfelle delvis i naturreservatet, slik at bruken reint formelt kjem i strid med motorferdselsforbodet. I mangel av eit formelt detaljkart av reservatgrensa nede ved vegen, vil Fylkesmannen drøfte med Direktoratet for naturforvaltning om det bør vedtakast ei justering eller presisering av grensa her nede, jf kart i vedlegg 5 som viser Statens vegvesen sine eigedomsgrenser ved Fv53. Ein bør i så tilfelle samstundes vurdere om eksisterande parkeringsplass bør vere utanom naturreservatet, sett i samanheng med om kva grad det er trong for ei utviding. Dette må drøftast med Vegvesenet (i tillegg til grunneigar), då det er eit spørsmål både om trafikale omsyn og tilhøvet til naturreservatet. Sidan dette er hovudinnfallsporten til naturreservatet vil det uavhengig av om P-plassen ligg inni eller utanfor naturreservatet vere aktuelt å nytte forvaltningsmidlar til tiltak her.

Fylkesmannen reknar at parkering på P-plassen er å sjå på som lovleg.

5.4.Statens naturopsyn

Statens naturopsyn (SNO) gjer ein viktig jobb med m.a. informasjons-, oppsyns-, registrerings-, dokumentasjons- og skjøtselsarbeid i verneområda. SNO har ca. 55 lokalkontor spreidde over heile landet.

Ut året 2012 er det lokalkontoret i Aurland, ved Kristoffer Ullern Hansen, som har Kvitingmorki naturreservat som ansvarsområde. Frå 1. januar 2013 tek Rigmor Solem i Statens naturopsyn, med kontor i Vang i Valdres og bikontor i Utladalen Naturhus i Årdal over ansvaret i Kvitingmorki naturreservat. Adressa er Statens naturopsyn Vang, 2975 Vang i Valdres Rigmor Solem har tlf. 959 65 158, og e-postadresse rigmor.solem@dirnat.no

6. Oppfølging og tiltak

6.1.Oppfølging av bevaringsmål

Barskogen dekkjer så stort areal i Kvitingsmorki at det i liten grad er mogleg å detaljkartleggje området, eller å taksere regelmessig kor mykje skog som finst av ulike treslag, hogstklassar eller dimensjonar. Fylkesmannen legg difor opp til at kontrollen med oppfyllinga av bevaringsmåla må vere baserte på ekstensive (og unøyaktige) metodar og stikkprøver. På sikt bør det gjennomførast ei basiskartlegging av naturverdiar i verneområdet etter NiN-systemet (“Naturtyper i Norge”). I tillegg til å gje kunnskap om naturverdiane i området, vil det også vere eit grunnlag for å legge til fleire bevaringsmål for tilstandsvariablar der ein er avhengig av detaljkunnskap for å bestemme ein tilstandsklasse. Dette gjeld særskilt stølvollen på Kvitingsmorki og det opne området rundt husmannsplassen ved Sagi, der det kan vere store naturverdiar som ikkje er kjende i dag.

Pr. i dag er det ikkje kjent kva for hakkespettarar som hekkar i naturreservatet. Dette bør undersøkjast, dels ved lytting i tromme-sesongen, dels ved oppsøking av eigna hekkeområde i ungesesongen. Lokaliteten Ospeholene bør følgjast spesielt. Det er også ønskjeleg at SNO registrerer i kva grad hjorteviltet skader/desimerer viktige treslag eller planteartar i synleg grad, og førekost av framande artar ved synfaring i området.

Tilstanden for naturbeitemarka ved Kvitingsmorki og slåttemarka ved husmannsplassen ved Sagi må stadfestast. Undersøking av førekost av eventuell beitemarksopp kan gjerast av SNO-personell. Eventuelle funn vil bli sende til ekspertar for fastsetjing av art. Lokaliteten på husmannsplassen ved Sagi må undersøkast av personell med tilstrekkeleg kunnskap om artar knytte til slåttemark. Ved undersøkingar av slåttemark i regionen vil denne lokaliteten lett kunne undersøkast i same slengen, sidan det ligg nære vegen.

6.2.Skjøtsel og andre forvaltningsoppgåver

Etter synfaring og innspel i arbeidet med forvaltningsplan er følgjande skjøtselsoppgåver vurdert som aktuelle å prioritere ved tildeling av midlar gjennom bestillingsdialogen med SNO:

Hovudstien frå Sagi til Kvitingsmorki: Vernestatus fører ofte med seg auka ferdsel. Stien kan nokre stader ha bruk for utbetringar og betre merking/kanalisering der det er fleire spor å følgje. Det må takast omsyn til at nokre stader følgjer ein ulik trasè opp og ned. . Det er også bruk for kontinuerleg vedlikehald av trapper og liknande på stien, og dei ulovleg oppsette trinna på nedre del av stien bør på sikt skiftast ut med trappetrinn mura i naturstein.

Parkeringsplassen ved Sagi og Fv 53: Parkeringsplassen har slik han er no, plass til 6-7 bilar. Utforminga på plassen er slik at ved litt därleg parkering kan utnyttinga bli låg og då plass til 4-5 bilar, og dermed for liten kapasitet. Det er kome ønske om at parkeringsplassen blir utvida slik at det blir plass til 8-9 bilar bilar, noko som truleg kan gjerast med små inngrep. Fylkesmannen vil ta initiativ til drøfting av dette med grunneigarane og evt. Statens vegvesen.

Naturreservatgrensa mot Fv53: Fylkesmannen vil drøfte med Direktoratet for naturforvaltning om det er aktuelt med ei grensejustering eller grensepresisering langs vegen. Kva for løysing som blir vald (m.a. P-plass innanfor eller utanfor) er ope.

Kulturminne: Vidare oppfølging av kulturminne med registrering og tiltak vil skje i samarbeid med kulturminnestyresmaktene og grunneigarane.

Naturbeitemarka ved Kvitingsmorki og slåttemarka ved husmannsplassen ved Sagi bør undersøkjast nærmere m.o.t. biologisk mangfold. Fylkesmannen vil be om midlar og ta initiativ til dette.

Grunneigarane ønskjer å verte informerte før tiltak vert sette i verk. Dette vil bli følgt opp, og flere av tiltaka krev då også samtykke frå grunneigar.

7. Referansar

Abrahamsen, A. og Sælthun, S. 1988. Kvitingsmorki: registrering og vurdering av eit furuskogområde i Indre Sogn. Hovudoppgåve i skogbruk – Norges Landbrukskole, 95 s.

Direktoratet for Naturforvaltning, 1992. Barskog i Vest-Norge. Utkast til verneplan. 120 s.

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. DN-håndbok 17-2001.

Moe, B. 1994. Inventering av verneverdig barskog i Sogn og Fjordane. –NINA Oppdragsmelding 318: 1-85.

Moe, B., Korsmo, H. og Svalastog, D. 1992. Verneplan for barskog. Regionrapport for Vest-Norge. NINA Utredning 31: 1-114.

Skogen, A., Berge, J. og Meyer, O. 1985. Vegetasjon og flora i reguleringsområdene for Nyset-Steggje kraft. – Botanisk institutt, Universitetet i Bergen. Rapport 40: 1-64.

Vedlegg

1. Oversiktskart over Kvitingsmorki naturreservat med stølsvoll og hogstsone
2. Detaljkart frå stølen Kvitingsmorki (flyfoto)
3. Kart med oversikt over stiar i Kvitingsmorki naturreservat
4. Kart med oversikt over jaktpostar i Kvitingsmorki naturreservat
5. Kart med eigedomsgrense for vegen Fv53
6. Verneforskrift
7. Kart ved kgl. res. for Kvitingsmorki naturreservat
8. Naturmangfaldlova § 48